

## **Søknad om KMD tilsegn på kr. 4 000 000 for perioden 2014-2016**

**Støtteordning Kap.552 post 72 – Kulturbasert Nærings og Stads utvikling**

**Prosjektnamn: Nasjonalt ÉCONOMUSÉE utviklingsprosjekt**

### **Kort omtale**

Utviklinga av ÉCONOMUSÉE i Noreg har hovudmål å skape 8 nye ÉCONOMUSÉE i samarbeidsfylka. Det nasjonale prosjektet vil støtte oppunder fagleg utvikling, involvere lokalsamfunna ved å samarbeide med kommune, opplevingsnæringane og pakking for reiseliv. Røynsler viser at eit ÉCONOMUSÉE gir auka status til handverk, utnyttar lokale ressursar og gir tru på framtida for ungdom. Til no har ÉCONOMUSA vore drifta gjennom Hordaland fylkeskommune. Ein hovudstrategi for det vidare arbeidet vert å opprette og utvikle ein organisasjonsform som kan ta over vidare nyskapning og drift av nettverket i Noreg. Vi har dei siste sju åra samarbeidd med partnarar i den nordatlantiske regionen, og vil òg bruke åra som kjem til å etablere eit formelt samarbeidsorgan med dei øvrige ÉCONOMUSÉE-organisasjonane i Canada, Grønland, Færøyane, Island, Irland, Nord-Irland og Sverige.

### **Prosjektforklaring**

ÉCONOMUSÉE er ein nyskapning for den levande kulturarv i Noreg. Tilskott frå KMD vil kunne opne opp for å gi større delar av distrikts-Noreg ein moglegheit til å få lære av konseptet, ta del i det faglege arbeidet og bedriftsnettverket som er utvikla for dei nordatlantiske landa gjennom EU-prosjekta ÉCONOMUSÉE og Craft International. Prosjekta har vore leia av Hordaland fylkeskommune, og det siste EU-prosjektet vert avslutta 31.03 2014.

ÉCONOMUSÉE-konseptet kjem frå Quebec-regionen i Canada. Konseptet er både FoU basert og praktisk utvikla over 25 år, og dei har no meir enn 60 ÉCONOMUSÉE i Canada som alle er stolte av å vise fram si verksemrd til besøkjande og med stor tru på framtida i sine lokalsamfunn. Eit ÉCONOMUSÉE er ikkje eit tradisjonelt museum, men ei levande handverksbedrift der den historiske samanheng vert knytt til lokal næringsverksemrd. Handverka vert synleggjort og vist fram til besøkjande som del av ei autentisk oppleveling av handverkarar i arbeid.

ÉCONOMUSÉE-verksemrdene er private bedrifter, som etter ein tverrfagleg 6-trinns transformasjonsprosess vert berekraftige og tener inn sitt eige driftsgrunnlag gjennom auka besøk og sal av handverksprodukt. Dei seier i Canada om ÉCONOMUSÉE at det er ein «Heritage that earns its keep», dvs. at det er ein levande kulturarv som tener inn til si eiga verksemrd utan offentleg driftsstøtte.

Handverk i Noreg har alltid vore knytt til utøvande næringsverksemrd, og ÉCONOMUSÉE-konseptet ber både handverkstradisjonane og sjølve produkta vidare gjennom aktiv synleggjering, innovasjon og marknadstilpassing til moderne konsumentar.

ÉCONOMUSÉE-konseptet vart henta til Noreg via eit internasjonalt samarbeidsprosjekt leia av Hordaland fylkeskommune, og finansiert gjennom EU sitt nordlege periferiprogram. Det er i dag 8 land/regionar i det nordatlantiske området som samarbeider om vidare utvikling og etablering av

til saman 38 ÉCONOMUSÉE innan april 2014. I Noreg vert det i denne fasen oppretta 10 ÉCONOMUSÉE, og alle står klare for besøk til sommaren 2014.

Dei røynslene ein har fått med dei første ÉCONOMUSÉE i dei nordatlantiske landa, er at alle saman har fått fleire besøkande, dei tener betre og ser meir optimistisk på framtida. Det er no skapt meir enn 40 nye arbeidsplassar ved dei 17 første ÉCONOMUSÉE i den nordlige Atlanterhavsregionen

Det viser seg at nye ÉCONOMUSÉE gir dei unge meir lyst til å satse på ei framtid innan viktige handverksfag og tradisjonar i eigen region og bygd. Dei vert ofte lokale bygdeinstitusjonar i sine lokalsamfunn og skaper nye arbeidsplasser, noko som gir inspirasjon til ungdom til å satse meir på nyskaping innan lokale næringsressursar og handwerkstradisjonar. ÉCONOMUSÉE skaffar nye arbeidsplasser til dei unge, moglegheiter for fagopplæring og for sesongarbeid som guidar. Eit ÉCONOMUSÉE skapar nye ferieopplevelingar som det er ein stigande etterspørsel etter i dag, nemleg autentiske opplevelingar, kunnskap om kultur, natur og handwerkstradisjonar i eit land og ein region.

Røynslene frå utviklingsverksemda er at ÉCONOMUSÉE er eit krevjande konsept, som er avhengig av godt samarbeid og partnarskap mellom mange faggrupper, på mange nivå, og gjennom offentlege og private partnarskap. På norsk side har vi òg stor respekt og takksemd for at dei canadiske samarbeidspartane har vore villige til å dele meir enn 25 år med røynsler og fagkunnskap frå eige utviklingsarbeid med oss. Vi treng ikkje å gjere dei feil som dei har erfart i Canada, og elektronisk kommunikasjon på tvers av Atlanterhavet gjer det enkelt både å samhandle og utveksle råd og rettleiing med kvarandre. Ein vil i det omsøkte prosjekt fortsette det faglege samarbeide med Canada for å sikre kvalitet i gjennomføringa, utveksle erfaringar og marknadseffektar internasjonalt.

Det vert med denne søknaden lagt til rette for ei vidare nasjonal utvikling av både konsept og nettverk for å utveksle kunnskap og sikre overføringsverdiar til distrikt-Noreg etter avslutta EU-prosjekt. Både lokalsamfunn og turistnæring har no byrja å få verdiskapingseffektar og statusmessig nytte av ÉCONOMUSÉE på dei stadane og bygdene der dei er etablerte, og interessa for konseptet er stadfesta av samarbeidsfylka.

### Kva inneber ei ÉCONOMUSÉE-oppleveling av handverkarar i arbeid?

Kvart einaste ÉCONOMUSÉE er nøye tilrettelagt etter ein 6-trinns modell, for å gjere eit besøk til ei minnerik oppleveling. Anten vi er utanfor inngangen, innanfor dørene eller blir guida gjennom hagen, så er trinn **1** resepsjonen. Der møter vi handverkaren eller ein av hennes/hans tilsette, og der får vi innføring i handverket og kunnskap om verkstaden som vi skal vitja. Det bankande hjartet i alle ÉCONOMUSÉE er trinn **2** i modellen, sjølve verkstaden. Det er her vi kan få sjå utviklinga av eit levande handverk i arbeid. Her kan vi sjå korleis verten vår spinn ull, byggjer ein båt, lagar ei tretønne eller hermetiserer frukt. Vi kan stilla spørsmål om prosessen, teknikkane og materialvalet,medan kvalitetsprodukta vert framstilte rett framfor oss.

Det neste steget, trinn **3**, er det historiske utstillingsområdet der historiske objekt og bilete formidlar tradisjonane og kreativiteten hos tidlegare handverkarar. Dette trinnet kan vere utstilt i eit heilt rom eller på ein vegg, eller henge ned frå eit tak, avhengig av plassen som er til rådvelde.

Trinn **4**, eller det moderne nyskapingsrommet, er der du kan få sjå korleis gamle tradisjonar og produkt vert utvikla for å imøtekomma moderne forbrukarar sine behov i dag. Resultata kan vere både overraskande og smakfulle, og dei vil garantert inspirere dei besøkjande.

Trinn 5, dokumentasjonssenteret, er for dei meir interesserte som ønskjer å grave seg meir ned i handverkskunnskapen. Trekk fram ein stol og sett deg ned for å lese meir om faget i utlagde magasin, artiklar, bøker og/eller audiovisuelt materiale som kan fortelje deg om handverkshistoria.

Eit ÉCONOMUSÉE er ein fascinerande stad å besøke og lære ifrå, men eit ÉCONOMUSÉE skal også vere ei berekraftig forretning gjennom sal av handverksprodukt. I trinn 6, butikken, kan du difor få kjøpe dei gjenstandane som du sjølv har fått sett laga og kan få ta med deg eit lite stykke av den levande handverkshistoria heim.

Kvalitet i ÉCONOMUSÉE-opplevelingane er særsviktig. Handverkarane som ønskjer å ta del i ÉCONOMUSÉE-nettverket må kvalifisere seg med omsyn til ei rekke strenge kriterium, og det vert utført grundige moglegheitstudiar før eventuell transformasjon av verksemder.

#### **Om det praktiske prosjekt og utviklingsarbeidet av ÉCONOMUSÉE i Noreg.**

Regionale styresmakter og viktige regionale og nasjonale organisasjoner vil delta i styringsgruppa for det nasjonale utviklingsprosjektet ÉCONOMUSÉE i Noreg.

Interesserte handverksbedrifter vert vurderte på grunnlag av ei rekke kriterier og ei gjennomføringsstudie. Styringsgruppa vedtek eventuell konvertering til ÉCONOMUSÉE.

Deretter tek etnologar, designarar, arkitektar og andre del i den faglege transformasjons-prosessen. Vertskommunar og lokale interressentar vert konsultert og involverte i gjennomføringsprosessane.

Prosjektet vil òg finne framtidige løysingar for vidare drift av ein utviklings- og serviceorganisasjon for ÉCONOMUSÉE i Noreg, slik at ein kan bygge konseptet og nettverket vidare som eit bærekraftig tiltak for bevaring av kulturarv, for verdiskaping og nye attraksjonar. Samarbeidsfylka og styringsgruppa for prosjektet må då sjå på eit mogleg samarbeid med etablerte organisasjoner for kulturarv og handverk i Noreg, drøfte samarbeid løysingar med dei nordatlantiske og nordiske samarbeidsregionane og -organisasjonane som er involverte. I løpet av prosjektperioden skal vi utvikle eit sjølvstendig og sjølvberande driftsgrunnlag for ein ÉCONOMUSÉE-organisering i Noreg.

Prosjektet vil òg halde ei evaluering- og formidlingskonferanse, som ei avslutning av prosjektet i løpet av år 2015.

#### **Kontakt opplysningar Funksjon Namn Adresse/poststed Mobil**

Søker /Prosjekteigar Hordaland fylkeskommune, v/Næringsseksjonen  
Pb 7900  
5020 BERGEN

Kontaktperson: Næringsjef Mette Nora Sætre Tlf. 99509724  
Prosjektleiar: Terje Inderhaug Tlf. 90951714

## **Mottatt offentlig støtte tidlegare:**

Ja, EU prosjektet Craft International/ ÉCONOMUSÉE fase II , fikk tildelt EUR 168 667 frå NPP-programmet til å utvikle 5 nye ÉCONOMUSÉE i Hordaland for perioden 2011-2013, samt for å følgje opp dei 5 første ÉCONOMUSÉE med ulike kompetanse- og marknadstiltak. RUP Hordaland kr. 600 000 i 2011, til ulike utviklingstiltak knytt til Economusee/Craft International prosjektet.

## **Spesifikasjon**

### **Bakgrunn:**

ÉCONOMUSÉE-konseptet frå Canada har sidan 2008 blitt utvikla i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane i samarbeid med NORA og EU sitt NPP-program. ÉCONOMUSÉE-konseptet kjem frå Quebec-regionen i Canada. Konseptet er utvikla over 25 år og dei har no 60 aktive ÉCONOMUSÉE i Canada. ÉCONOMUSÉE-konseptet vart henta til Noreg via eit internasjonalt samarbeidsprosjekt leia av Hordaland fylkeskommune, og finansiert gjennom EU sitt nordlege periferi-program. Åtte land/regionar i det nordatlantiske området, samarbeider om vidare utvikling og etablering av til saman 38 ÉCONOMUSÉE. I Noreg er det i denne fasen oppretta 10 ÉCONOMUSÉE, som er klåre for turistsesongen 2014.

Eit ÉCONOMUSÉE er ikkje eit tradisjonelt museum, men ei levande handverksbedrift der den historiske samanheng knytt til lokal næringsverksemrd, klima og naturressursar vert synleggjort og vist fram til besøkjande som del av ei autentisk oppleveling av handverkarar i arbeid.

Handverk i Noreg har alltid vore knytt til utøvande næringsverksemrd, og ÉCONOMUSÉE-konseptet ber både handverkstradisjonane og sjølve produkta vidare gjennom aktiv synleggjering, innovasjon og marknadstilpassing til moderne konsumentar. Eigne og internasjonale røynsler tyder at ÉCONOMUSÉE ofte vert til viktige bygdeinstitusjonar der dei er etablerte.

### **Problemstilling**

EU-prosjektet vert avslutta i mars 2014 med 10 etablerte ÉCONOMUSÉE. Verksemndene har trong for oppfølging i ettertid, m.a. for styrking av deira formidlingskompetanse, marknadsføring og samordning med lokale ressursmiljø og organisasjonar. Dessutan må dei vere med på den breie satsinga på opplevingsnæringane lokalt.

Det er eit ønske frå fleire fylke og mange små handverksverksemder om å få ta del i eit suksessfullt konsept og nettverk, og ein vil difor gjennom eit nasjonalt prosjekt kunne utvikle fleire ÉCONOMUSÉE i Noreg. Det vert sett eit mål om til saman 8 nye ÉCONOMUSÉE i løpet av prosjektperioden 2014-2015. Desse må knytas opp mot kommune og lokale ressursmiljø for å styrke kreativitet, innovasjon, status, opplevingsindustri og attraksjonar med sikte på auka bulyst i distrikta.

Det er og eit ønske frå dei nordiske samarbeidspartnerane i det pågående EU-prosjektet at Hordaland tek på seg eit fagleg informasjons- og samordningsansvar for ÉCONOMUSÉE, inntil ein får på plass ein nordisk samarbeidsorganisasjon, noko som vil bli eit resultat av det nasjonale prosjektet.

Det å vere deltagande handverkar i eit internasjonalt og nordisk samarbeidsnettverk vil utan tvil styrke status og attraksjonane til både handverksverksem og stadane som utviklar seg med nye ÉCONOMUSÉE i Noreg.

### **Prosjektmål**

1. Etablere ein felles prosjektorganisasjon, med finansiering og støttefunksjonar for eit nasjonalt ÉCONOMUSÉE -prosjekt.
2. Skape og etablere 8 nye ÉCONOMUSÉE i Noreg
3. Styrke ÉCONOMUSÉE-nettverket i Noreg og dei nordatlantiske partnarlanda . Utvikle god synergi med ulike opplevelingstilbod lokalt, mellom anna ved å samarbeide om opplevelingspakker for reiseliv.
4. Finne berekraftige løysingar for ein framtidig utviklings- og medlemsorganisasjon for ÉCONOMUSÉE i Noreg og evt. for våre nordatlantiske samarbeidspartnarar.
5. Skape auka aktivitet og sysselsetting i distrikts-Noreg.

### **Forankring**

Prosjektet vert forankra i deltagande samarbeidsfylker og utført ved felles prosjektorganisasjon for gjennomføringa.

I tillegg vil ein knytte gode samarbeidsrelasjonar med NCE reiseliv for Vestlandet, Birka og med stiftinga Norsk Kulturarv, og med vertskapskommunar og lokalsamfunn som får tildelt nye ÉCONOMUSÉE.

Prosjektet er difor forankra i RUP-programma og kulturplanar i fylkeskommunane, med NCE reiseliv sitt program for dei neste 3 åra og med stiftinga Norsk Kulturarv og Birka sine aktivitetar for kulturarven og handverkarar i Noreg.

Eventuelle bygningsmessige endringar, fysiske investeringar m.m. vil alltid følgje Bygningsloven, offentlege planer og reglar. Bedrifter som ønskjer å bli ÉCONOMUSÉE må sjølv ta ansvar for å følgje offentleg regelverk og syte for eit finansielt grunnlag for investering og gjennomføring.

### **Prosjektorganisering**

#### **Prosjektstyringsgruppe for ÉCONOMUSÉE i Norge**

- Representantar frå utvalde fylke med politisk leiar frå Hordaland fylkeskommune, samt evt. deltaking frå NCE reiseliv, Birka og NKA-Norsk Kulturarv.
- Prosjektleiing knytt til Hordaland fylkeskommune inntil ekstern reorganisering for ei sjølvstendig drift av ein ÉCONOMUSÉE-medlemsorganisasjon er utvikla og avklåra i samband med gjennomføringa av det nasjonale ÉCONOMUSÉE /KMD prosjektet.
- Hordaland fylkeskommune vært prosjektansvarleg på vegne av den fylkeskommunale partnarskapen som vert etablert.

- Samarbeidande fylkeskommunar deltek i styringsgruppe, vel ut kandidatverksemde/vertskommunar m.m.
- Fylkeskommunale tilskott/med finansiering til prospekt etter tal på ÉCONOMUSÉE.
- NCE for reiseliv på Vestlandet - samarbeidsavtale og evt. deltaking i styringsgruppe
- Norsk Kulturarv - samarbeidsavtale og evt. deltaking i styringsgruppe
- Birka – evt. deltaking i styringsgruppe
- Vertskapskommunar for ÉCONOMUSÉE - tilskott til eventuell ekstra tilrettelegging og deltaking i det lokale prospekt.

### **Nordisk og nordatlantisk referansegruppe.**

Partnarskapen for Craft International , dvs. organisasjonar frå Færøyane, Island, Grønland, Sverige, Irland og Nord-Irland, ønskjer at Noreg følgjer opp det internasjonale nettverksamarbeidet. Desse samarbeidspartane vil finne lokale midlar for å drifte eigen verksemde i landa, men det internasjonale informasjons- og kontaktsamarbeidet ønskjer ein utførd av norsk partner.

Internasjonalt samarbeid er av stor fagleg verdi og gir status, kompetanse og auka merksemde for dei lokalsamfunna og verksemndene som blir med i det nasjonale KMD-prosjektet. Ein har allereie etablert ei felles webside, facebookside og websalside for det nordatlantiske ÉCONOMUSÉE nettverket. Eventuelt andre samarbeidspartar vert avklåra mellom fylkeskommunane før opp start.

### **Prosjektleiing for ÉCONOMUSÉE i Norge**

Prosjektleiing, fagleg arbeid og administrering av prospekt blir lagt til Economusee bedriftene og nettverket, etter nærmere avtale med Hordaland fylkeskommune.

### **Aktiviteter**

#### **1. Prosjekt etableringsfase 01.07-31.12.2014**

Opprettig av prosjektstyre, avtale om prosjektleiing, strategi og handlingsplan, detaljert budsjett og finansiering, avklare vidare opp start og gjennomføring.

#### **2. Oppstart og gjennomføring 2015 – 2016**

Prosjektstyre aktivisert og prosjektleiing engasjert.

a) Identifisering av kandidatverksemder, kontakt med verksemde, prioritering av verksemde, gjennomføring moglegheitstudie, vedtak og kontrakt om transformasjon, bruk av arkitekt til bygg og sirkulasjon, historisk/etnologiske framstilling av handverk og tradisjon, design og utforming,

bedriftsøkonomisk vurdering av investeringstiltak og drift, gjennomføring og etablering av dei 2 første ÉCONOMUSÉE hausten 2014.

b) Oppfølging av eksisterande nettverk i Noreg. Marknadsføring mot reiseliv, utvikling av opplevingspakker, samarbeide med reislivsnæringa og transportører, kompetansehevingstiltak og samarbeide mellom bedriftene.

Utbetra salsystema både i butikk og elektronisk.

Knytte kontakt mellom dei etablerte og dei nye bedriftene i ein tidleg fase.

c) Utgreie moglege organisatoriske løysingar for ein nettverksorganisasjon i samarbeid mellom partane og aktuelle organisasjonar i Noreg og internasjonalt. Finne ei berekraftig løysing som kan startas opp frå hausten 2015.

d) Evaluere utviklingsarbeidet - endre handlingsplan, framdrift og prioriteringar.

### **Gjennomføring 2015-16**

a) Identifisere kandidatverksemder, kontakt med verksemd, prioritering av verksemd, gjennomføring mogleighetstudie, vedtak og kontrakt om transformasjon, bruk av arkitekt til bygg og sirkulasjon, historisk/etnologisk framstilling av handverk og tradisjon, design og utforming, bedriftsøkonomisk vurdering av investeringstiltak og drift, gjennomføring og etablering av dei 6 siste ÉCONOMUSÉE i løpet av 2015-16.

b) Oppfølging av eksisterande nettverk i Noreg. Marknadsføring mot reiseliv, utvikling av opplevingspakker, samarbeide med reislivsnæringa og transportører, kompetansehevingstiltak og samarbeid mellom bedriftene.

Utbetra sal systema både i butikk og elektronisk via sosiale media etc.

Knytte kontakt mellom dei etablerte og nye bedriftene i ein tidleg fase.

c) Etablere ein sjølvstendig nettverksorganisasjon i samarbeid mellom partane og aktuelle organisasjonar i Noreg og internasjonalt. Organisasjonen skal utvikle nye ÉCONOMUSÉE og yte service overfor etablert nettverk, eventuelt for dei nordatlantiske samarbeidslanda dersom moglege løysingar vert avklåra.

d) Organisere ein avslutningskonferanse omkring resultat og verdi av nettverk og konsept for distrikts-Noreg.

### **Målgrupper**

- Hovudmålgruppa er handverksbedrifter i distrikta.
- Andre viktige målgrupper er ungdom, kvinner og innvandrarar som bur i distrikts-Noreg og som kan få eit lokalt arbeidstilbod i ÉCONOMUSÉE ettersom det ofte kan vere trøng for

spesiell handverkskompetanse eller kultur og språkkunnskap i samband med formidling til publikum. (Aurlandskoen ÉCONOMUSÉE har t.d. tilsett 4 innvandrarar).

- Målgruppe vil òg vere lokale kunstnarar og restauranter/lokalmat produsentar som vil kunne involverast i delar av utstilling/nyskaping og som service tilbod for dei besøkande. ÉCONOMUSÉE kan verte eit utsal/galleri for lokal kunst relatert til handverket.
- Ungdom vil vere ei generell viktig målgruppe gjennom m.a. den kulturelle skulesekken og pedagogiske tiltak.
- Lokalbefolkinga generelt vil slutte opp om handverksinstitusjonar som er viktige tradisjonsberarar for eit område/region.
- Turistar som er interessert i autentiske opplevingar.

## **Resultat**

Etablert eit fylkesovergripande samarbeid om kulturarv og handverk, som verdiskapar og attraksjonsfaktor for lokalsamfunn og turistar i distrikta.

Utvikla og etablere åtte nye ÉCONOMUSÉE i Noreg.

Styrka samarbeid, kompetanseutvikling, marknadsføringa og kontakt mellom eksisterande ÉCONOMUSÉE i Noreg og i dei Nordatlantiske samarbeidslanda.

Etablere ein medlemsbasert utviklings- og service organisasjon

## **Effektar**

ÉCONOMUSÉE vert ofte bygdeinstitusjonar som stadfestar og gir tru på arbeidsplasser og ei framtid for ungdom innan tradisjonelle næringar og handverk, med bruk av både moderne og tradisjonell design i produkta og med formidling til eit internasjonalt publikum.

ÉCONOMUSÉE gjer distrikts-Noreg til ein meir attraktiv bustad.

ÉCONOMUSÉE utfordrar handverkarane til å utvikle faga, samstundes som dei vert meir kjende med historia til eige fag. Handverkarane vert meir stolte av faget, og vert tryggare på eiga verdi. Handverkarane og medarbeidarane får ein meir variert arbeidsdag med oppgåver ikkje berre innafor faget, men òg innafor historiefortelling og turisme. For handverkaren er det òg nyttig og inspirerande å vere ein del av eit nettverk. Nettverket skapar inspirasjon og kunnskapsutveksling nasjonalt og internasjonalt.

ÉCONOMUSÉE skaper nye autentiske attraksjonar, dei tek vare på den levande kulturarven og dei skaper tru på ei framtid innan tradisjonelt handverk i distrikta.

## Tids- og kostnadsplan

- Tidsplan
- 1.juli -1.okt. 2014 **Prosjekt etableringsfase.**
- Etablering av prosjektorganisasjon og felles styringsgruppe frå fylka.
- Politisk leiar frå Hordaland fylkeskommune. Utvikling av ein strategi og HP-handlingsplan for det nasjonale ÉCONOMUSÉE-prosjektet.

### Okt. 2014 Opp startfase –hovudprosjekt fase 1

- Identifisering, evaluering, prioritering mellom fylke og bedrift for opp start, muligkeitstudiar og transformasjon av dei tre første bedrifter til å verte ÉCONOMUSÉE
- Oppstart oppfølging av dei eksisterande ÉCONOMUSÉE, kompetanseheving, pakking reiseliv og marknadsføring.
- Internasjonal kontakt, nettverkssamarbeid og marknadsføring mellom både prosjektorganisasjon, samarbeidsparter og ÉCONOMUSÉE i dei nordiske og nordatlantiske landa.
- Utvikle exit strategi - dvs. førebu ein sjølvstendig driftsfase for ein norsk, nordisk evt. nordatlantisk ÉCONOMUSÉE medlems- og utviklingsorganisasjon.
- 31. mars 2015: Evaluering av prosjektet 1 ste år (intern) korrigering av handlingsprogram

### April 2015 Opp start av prosjektfase II

- Identifisering, evaluering, prioritering og oppstart med transformasjon av fem fleire bedrifter
- Oppfølging av eksisterande ÉCONOMUSÉE nettverk, kompetanseheving, pakking reiseliv og marknadsføring.
- Internasjonal kontakt, samarbeide og marknadsføring mellom både prosjektorganisasjon, samarbeidsparter og ÉCONOMUSÉE i dei nordiske og nordatlantiske landa.
- Utflytting av prosjektorganisasjon til andre lokale utanfor fylkeskommune.
- Okt. 2015 Vidare drift av ein sjølvstendig og bærekraftig ÉCONOMUSÉE medlemsbasert utviklings- og serviceorganisasjon for Noreg og for den nordatlantiske samarbeidsregion.
- Mars 2016. Evaluering og avslutningskonferanse for det nasjonale ÉCONOMUSÉE-prosjektet
- 30 Juni 2016 Avslutning av prosjekt og rapportering

Budsjett Nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt	2014*	2015	2016*	Sum
Administrasjonskostnader, styringsgruppe, reiser	175 000	325 000	125 000	625 000
administrasjon, økonomi	100 000	300 000	150 000	550 000
Arkitekt - kjøpte tenester	100 000	200 000	50 000	350 000
Designutvikling	325 000	650 000	325 000	1300 000

Diverse	100 000	150 000	100 000	350 000
Eksperthjelp	75 000	125 000	50 000	250 000
Evaluering, avslutning og formidlingskonferanse			150 000	150 000
Historikar - etnologiske utredningar	325 000	650 000	325 000	1300 000
Kompetansehevingstiltak	25 000	100 000	50 000	175 000
Marknadsføringstiltak og informasjon	50 000	100 000	100 000	250 000
Nettverkstiltak	50 000	100 000	50 000	200 000
Prosjektleiing	r 375 000	750 000	375 000	1500 000
<u>Utstillingsmateriale</u>	<u>400 000</u>	<u>400 000</u>	<u>200 000</u>	<u>1000 000</u>
<b>Sum</b>	<b><u>2 100 000</u></b>	<b><u>3 850 000</u></b>	<b><u>2 050 000</u></b>	<b><u>8 000 000</u></b>

\*kommentar: 2014 og 2016 vert eit ½ driftsår

<b>Finansiering nasjonalt ÉCONOMUSÉE prosjekt</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
KRD	1000 000	2000 000	1000 000 4 000 000
Fylkeskommunar, kommunar, andre kjelder	1000 000	2000 000	1000 000 4 000 000
<b>sum</b>	<b>2000 000</b>	<b>4000 000</b>	<b>2000 000 8 000 000</b>